

## 2.5 Dei ulike verdikriteria

### Heilskap:

Heilskapen i området er omtala ovafor. Storparten av grenda har ut frå eigedomsstrukturen eit heilsskapeleg preg, der kvart einskild bruk klårt er underordna heilskapen.

### Kontinuitet/tidsdjupn:

Leveld har som jordbrukslandskap røtene sine attende til mellomalderen, men nokre hundre års øydetid kan vera ei av årsakene til at her ikkje er hus frå mellomalderen. Storparten av areala har vore samanhengande i drift i fleire hundre år, og er framleis nytta til eng og beite. Element som steingjerde og rydningsrøyser fortel noko av denne historia. Dei fleste tun har einskilde gamle bygningar, sjølv om hovuddelen av våningshusa som er i bruk i dag og driftsbygningane er nyare.

### Representativitet/særpreg:

Leveld har mykje til felles med andre fjellbygder i vårt fylke, og sikkert óg med fjellbygder andre stader på Austlandet. Plasseringa i ei sørvend li, arealbruk og bygningar prega av stor aktivitet gjennom 1900-talet, og kulturminne av ulike slag på dei ekstensivt drive areala, gjer grenda representativ for dei øvre bygdene både i Hallingdal, Numedal og Eggedal. Særpreget er knytt til den karakteristiske og lett synlege eigedomsstrukturen.

### Formidlingsverdi:

Leveld er eit aktivt bygdesamfunn med skule og barnehage. Områda innover fjellet har mange hytter og anna turistverksemd, slik at trafikken gjennom bygda er stor. Potensialet for formidling av kulturlandskapet og jordbrukslandskapet generelt er stort.

For å koma inn i fjellet anten Fanitullvegen over til Hemsedal eller til Hovet eller så langt du kan koma med bil inn til Toviken, for så å gå vidare til DNT si turisthytte i Iungsdalen må du køyre gjennom Leveld.

Historia om Eivind Fredlaus blir bruka som eit reiselivsprodukt på Iungsdalen Turisthytte Eivind var frå Leveld, og oppheld seg mykje i bygda dei åra han var fredlaus. Han bygde seg ein steinheller på sørsida av Leveld.

Det var mange målarar i Leveld på 1930-talet. Dei vart inspirerte til å koma dit av Gerhard Munthe, som var i Leveld i 1890-åra. Han likte seg så godt i Leveld at han bygde seg ein villa på Lysaker som han kalla "Villa Levelde". Frå 1930-talet var det 20 utøvande kunstnarar i Leveld. Fyrst og fremst biletkunstnarar, men óg forfattarar og komponistar. Mest kjend av forfattarane er Gøsta Munsterhjelm og Jens Bjørneboe. Komponisten Arne Eggen komponerte musikken til operaen Olav Liljekrans av Henrik Ibsen i Leveld. Det vert arbeida med å etablere eit kunstnartun i Leveld med utgangspunkt i loftet som Jens Bjørneboe eigde.

Kvifor kom dei til Leveld? Grunnen til at dei kom dit var at det var eit fint og estetisk kulturlandskap med spesiell teigdeling og gardstuna på rekkje og rad. Det vart også hevda at det var eit heilt spesielt lys i Leveld.

Det er eit rikt organisasjonsliv i Leveld. Nokon som bør nemnast er Leveld Teaterlag og Lokallaget for Leveld litteratur og løglege lyrikarar (L6). Leveld Teaterlag har gjennom dei seinare åra hatt mange fine oppsetjingar. Eldgrim Springgard er ein ressursperson i dette miljøet.

Det er fleire personar som har god kunnskap om Leveld, til dømes Odd Oleivsgard.

### 3. utfordringar

Leveld ligg i Landbruk-natur og friluftsområde (LNF) i kommuneplanen for Ål. Forslag til ny arealdel for Ål skal leggjast ut på høyring no. Leveld er føreslått som eit område med spreidd bustad- og næringsutvikling om det ikkje kjem i konflikt med viktige landbruk-, landskap- og kulturlandskapsinteresser eller kulturminne.

Leveld har fylgjande utfordringar:

- Oppretthalde talet på beitedyr.
- Halde oppe/auke folketalet og og få til næringsutvikling utan å byggje på areal som er viktige i høve til jordbruksdrift/kulturlandskap.
- Få til god skjøtsel av Leveld som *Utvald kulturlandskap i jordbruket*

For å arbeide målretta med desse utfordringane krev det langsiktige gode nok økonomiske rammer for bøndene. Jordbruket i Leveld må halde fylgje med landbruket elles i høve til effektivisering og rasjonalisering. Ein må difor ta høgde for at driftsbygningane må utvidast eller at det må byggjast nye. Utvalde eldre/verneverdige hus må setjast i stand, som óg krev økonomiske verkemiddel.

For å nå målet om auka busetnad må eksisterande bustadfelt utvidast eller ein må finne plass for eit nytt bustadfelt. I tillegg må ein finne tenlege næringstomter.


All dyrka jord er i drift, men ein del beitemark er attgrodd. Difor trengst det ressursar til å rydde beiter. Det er mange eldre/verneverdige hus som treng restaurering.

### 4. Visjon og mål

Leveld - aktivt landbrukssamfunn med eit godt bumiljø
---

#### Mål:

- Allsidig landbruk med aktiv drift på like mange gardar som i dag
- Ta vare på dyrka mark
- Ta vare på eksisterande innmarksbeite og utvide beitearealet
- Ta vare på areal med høgt biologisk mangfald og rydde slik at me på sikt får meir areal med høgt biologisk mangfald
- Godt vedlikehalde og funksjonell bygningsmasse
- Ta vare på eldre/verneverdige bygningar
- Ta vare på kulturminner og gjera dei meir synlege
- Rydde gamle stigar og vegar
- Tilrettelagt bumiljø for alle aldrar
- Gje turistar og andre som vitjar Leveld ei positiv oppleving av bygda



*Sauenæringa er ein viktig del av landbruket i Leveld. Foto Jørn Jensen.*

## **5. Skjøtsel og vedlikehald – tiltak**

For forslag til skjøtsel og vedlikehald av Leveld med konkrete tiltak ser me samla på bygda. I arbeidet har me teke utgangspunkt i måla og føreslått konkrete tiltak for å nå dei. Me har vore opptekne av å kunne måle tiltaka.

For å nå måla må grunneigarane i Leveld utføre dei konkrete tiltaka og det må skrivast skjøtelsavtale med kvar enkelt grunneigar.

### **Mål: Allsidig landbruk med aktiv drift på like mange gardar som i dag**

Det er eit mål at både sau, hest, storfe og geit utnyttar beiteressursane i Leveld for best mogeleg produksjon og skjøtsel av kulturlandskapet.

I Leveld er det mange gardbrukarar som samarbeidar om oppgåver knytt til drifta som maskinsamarbeid og sauejaging/sauesank, og elles gjer dugnadsarbeid når det trengst. Dette skapar eit aktivt fagmiljø som involverar mange personar av ulike aldrar og kjønn. Det er eit mål at færrest mogeleg sluttar med aktiv drift slik at ein greier å ta vare på dette verdifulle produsentmiljøet.

Tiltak: Ta vare på og vidareutvikle det gode samarbeidet mellom gardbrukarane i Leveld om konkrete arbeidsoppgåver.

**Mål: Ta vare på dyrka mark**

Ved nye byggje- og/eller vegprosjekt må det vera eit mål at ein ikkje byggjer på dyrka mark og legg arbeid i å finne andre areal som kan vera egna. Det er eit stort press på jordressursane i bygda, og det er difor særst viktig å ta vare på den dyrka marka som finst i dag. Meir og betre beite kan òg verke positivt ved at mindre dyrka mark vert nytta til beite.

Alt lett tilgjengeleg fulldyrka areal er i bruk i Leveld. Det trengst difor meir dyrka mark og det bør stimulerast til nydyrking der det ligg til rette for det. Bøndene ynskjer i samarbeid med kommunen å få kartlagt kvar det kan ligge til rette for nydyrking.

Tiltak: Finne alternativ til nedbygging av dyrka mark.

Kartleggje areal som ligg til rette for nydyrking.

**Mål: Ta vare på eksisterande innmarksbeite og utvide beitearealet**

Delar av innmarksbeite i Leveld er i ferd med å gro att av brisk og lauvsog. Noko har gjennom dei siste åra vorte rydda som SMIL-tiltak. Likevel trengst framleis meir rydding for å auke beiteressursane. Meir innmarksbeite vil betre mjølke- og kjøtproduksjonen og auke lønsemda for den enkelte gardbrukar. Opne innmarksbeite er òg viktig for opplevinga av kulturlandskapet.

Storfe, sau, geit og hest beiter på ulikt vis og et ulike planter. I dag er det stort sett berre eit dyreslag som beiter på kvar gard. Då er det naudsynt med noko manuell rydding for å halde kratt borte. Med sambeiting er det lettare å få til god skjøtsel utan manuell rydding. I område som er rydda er det viktig å planleggje vidare skjøtsel slik at det ikkje skjer ny attgroing. Rett beitetrykk er også viktig. Dette må vera eit tema i skjøtelsesplanane

Strakstiltak:

Rydding av brisk og lauvsog.

Langsiktig tiltak:

Få til sambeiting med fleire dyreslag der det er praktisk mogeleg.

Noko vedlikehaldsrydding der sambeiting ikkje let seg gjera.

**Mål: Ta vare på areal med høgt biologisk mangfald og rydde slik at me på sikt får meir areal med høgt biologisk mangfald**

I hovudsak finn ein dei botanisk registrerte verdifulle areala på heimstølane. I den botaniske rapporten som er utarbeida av Kristina Bjureke rår ho til å gjera fleire registreringar.

Strakstiltak:

Kartleggje beitemark, tun, kantsonar m.m. for høgt biologisk mangfald.

Langsiktige tiltak:

Skjøtsel av areal med høgt biologisk mangfald ved slått og beiting i samråd med botanikar.

**Mål: Godt vedlikehald og funksjonell bygningsmasse**

Slik bygningsstrukturen er i Leveld med tun på rad og rekkje syner dårleg vedlikehald bygningar godt og forringar inntrykket av bygda. Det er difor viktig med kontinuerleg vedlikehald av all bygningsmasse. Mange driftsbygningar er av eldre årgang og treng oppgradering for å vera funksjonelle i eit moderne landbruk. Ved nybygg/påbygg/tilbygg bør

ein vurdere å bruke rådgjeving som landskapsanalyse og/eller arkitekt for best mogeleg tilpassing og utforming av bygga slik at desse blir best mogeleg inn i landskapet.

Tiltak:

Bruke profesjonell rådgjeving ved ombygging/nybygging av bustadhus og driftsbygningar, der grunneigar/kommune ser det som naudsynt.

**Mål: Ta vare på eldre/verneverdige bygningar**

Leveld har mange eldre/verneverdige bygningar. I tuna finn me hallingstugu/våningshus, loft, stolpehus, låve, fjøs og stall. På flata nedanfor tuna ligg det nokre løer. Ein del av bygningane er ikkje i bruk og treng istandsetting. Det er viktig å ta desse bygningane i bruk. Både tradisjonell og ny bruk er aktuelt. Dette kan gje rom for ny næringsutvikling. Alle bygningar treng jamnleg vedlikehald.

Strakstiltak:

Oppdatert kartlegging av eldre bygningar.

Langsiktige tiltak:

Istandsetjing av eldre/verneverdige bygningar i samråd med kulturstyresmaktene. Vedlikehald.

**Mål: Ta vare på kulturminner og gjera dei meir synlege**

Det finst mange fysiske spor av tidlegare generasjonar sitt arbeid i Leveld. Desse synleggjer ei tidsdjupn i jordbrukslandskapet. Dei bør difor haldast fri for vegetasjon slik at dei er synlege for noverande og komande generasjonar.

Strakstiltak:

Kartlegging av steinuggardar, tufter, rydningsrøyser, kolgroper og andre typer kulturminne.

Langsiktige tiltak:

Rydde kring kulturminne i samråd med kulturstyresmaktene.

Dersom det er naudsynt setja i stand kulturminner i samråd med kulturstyresmaktene.

**Mål: Rydde utvalde gamle stigar og vegar**

Stigar og vegar er viktige element i kulturlandskapet og kan vera til nytte for drifta av garden. Dei kan også nyttast som turløyper.

Strakstiltak:

Kartlegging av gamle stigar og vegar

Langsiktig tiltak:

Rydding av utvalde stigar og vegar

**Mål: Tilrettelagt bumiljø for folk i alle aldrar**

Innbyggjarane i Leveld er opptekne av alle skal trivast best mogeleg i bygda. Skulen og barnehagen er hjarta i bygda. For at borna skal kunne gå trygt til skulen trengst det gang- og sykkelveg. Ein gang -og sykkelveg vil også opne for å kunne gå rundturar. Det har også vore tankar om å planere i lysløypetraseen slik at han kan brukast til sykkelløype om sommaren.

Strakstiltak:

Byggje gang- og sykkelveg i Leveld  
Planere lysløypetraseen til sykkeløype om sommaren  
Setja i stand mjølkerampe.

Langsiktige tiltak:

Syte for at det heile tida er tilgjengelege bustadtomter for folk som vil busetja seg i bygda.

**Mål: Gje turistar og andre som vitjar Leveld ei positiv oppleving av bygda**  
For at folk som vitjar bygda vår skal få best mogeleg oppleving ynskjer me at :

Tiltak:

Leggje til rette for kulturlandskapsvandring med informasjon og skilting.  
Planleggje å opne gardar for besøk av turistar og andre tilreisande.

## 6. Lovverk – status og tiltak

### 2.6 Lovverk – status og tiltak

Leveld er i forslag til nye kommuneplan for Ål satt av til Landbruks- natur- og friluftsområdet (LNF). Ål kommune har delt sine LNF-områder i ulike kategorier. Leveld ligger i LNF-sone 3, kalt "Grender". Bestemmelsene til LNF-sone 3 sier at det kan tillates spredte boliger og næringsbygg dersom de ikke kommer i konflikt med viktige helse-, landbruks-, vilt-, landskap-, friluft-, og kulturlandskapsinteresser. I området "Nordbygdene" som Leveld er del av, er det totalt åpnet for fem spredte boliger og åtte spredte næringsbygg i planperioden. Det er ytterligere bestemmelser om hva slags type næring som kan tillates, og plassering av bolighus. Jordlovens §§ 9 og 12 gjelder for området. Kommunen kan stille krav om bebyggelsesplan i LNF-sone 3 områdene.

Det er i tillegg i LNF-områder tillatt med bygg og anlegg som er i samsvar med Plan- og bygningslovens bestemmelser om tradisjonelt landbruk. Dette er bygninger og anlegg som det av hensyn til driften av primærnæringen er nødvendig å plassere på stedet. På kommuneplannivå er dette lagt ut sammen med området for natur- og friluftsliv slik loven krever. Dette innebærer at det er landbrukslovgivning (som skoglov, jordlov, konsesjonslov etc.) som sammen med lovverket innen natur og friluftsliv som regulerer forholdet mellom landbruk, natur, og friluftsliv i LNF-områdene. Veileder fra Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet "Plan og bygningsloven og Landbruk Pluss" utdypet hvilke tiltak som samsvarer med tradisjonelt landbruk, og hvilke tiltak som ikke er å anse som tradisjonelt landbruk. Fellesfjøs, gårdsutsalg, gårdssagbruk, veksthus med utsalg, dyrepensjonat etc, er eksempler på anlegg som vil være i samsvar med LNF-formålet dersom de er tilpasset størrelsen og ressursgrunnlaget på den landbrukseiendommen de blir etablert på.

Leveld vil ha status som LNF-område i kommuneplanen til Ål uavhengig av arbeidet med spesielt utvalgte kulturlandskap. De juridiske bestemmelsen for Leveld som kulturlandskapsområde følger av kommuneplanens LNF-sone 3 kategori med bestemmelser i Plan- og bygningsloven, og av bestemmelser til kommuneplanen som kommunene har




vedtatt. Dette betyr at det juridisk sett ikke vil komme nye juridiske bestemmelser for dette området som en følge av arbeidet med spesielt utvalgte kulturlandskap.

I utkastet til ny kommuneplanen for Ål er Leveld omtalt som et viktig kulturlandskapsområde, samtidig som området er gitt en tematisk skravur på arealkartet for å synliggjøre utstrekningen av området. Det er ikke knyttet juridiske bestemmelser til slik skravur, men det er en retningslinje til planen at det innenfor område skal tas særlig hensyn til Leveld sin teigdeling og kulturhistoriske verdi mht rekkeketun.

Dersom det skulle være ønskelig med spredt boligbygging eller spredte næringsbygg i strid med bestemmelsene, vil dette være i strid med planen. Skal slike formål tillates, krever det regulering til andre formål, eller at kommunen gir dispensasjon fra kommuneplanen. Det er den berørte kommune som vedtar slik regulering, eller eventuelt gir dispensasjon fra planen. Dette gjøres etter at plan har vært til offentlig høring der parter og andre offentlige myndigheter har vært gitt anledning til å uttale seg.

Det vil kunne være en utfordring å tilpasse bygg og anlegg som er i samsvar med LNF-formålet innenfor et slikt spesielt verdifullt kulturlandskap. Dette skyldes at enkelt slike (større) landbrukstiltak kan ha konsekvenser for kulturlandskapet. Det skal sendes melding om slike landbrukstiltak i samsvar med plan og bygningsloven § 81, jf § 93. Kommunen må da gå i dialog med vedkommende som søker/sender inn melding om å få til en hensiktsmessig plassering av tiltaket i landskapet, og ev. få til en utforming av tiltaket som gjør at det tilpasses landskapet på en god måte. Dette vil være en vurdering som kommunen vil gjøre uansett hvor i LNF-område det er aktuelt med nye/utvidede bygg og anlegg i samsvar med landbruksnæringen.



Kartet viser Leveld i kommuneplanen for Ål.

## 7. Næringsutvikling

Kommunen har i lag med grunneigarane sett opp ei liste over idear til aktuelle bygdeutviklingstiltak for Leveld som eit *Utvald kulturlandskap i jordbruket*:

- 
- Pakker til reiselivet
- Sauejaging/sauesank
- Steinplukking
- Åpen gard
- Stølsbesøk
- Guida tur på natur/kulturstig m/måltid
- Kurs og markdagar
- Kombinert sykkel- og lysløypetrase
- "Fjøspub"/selskapslokale i gamal låve
- Kunstnartun i Leveld, med atelier eller skrifvarstad for utøvande kunstnarar. Samling av Leveld-kunst. Arena for kunstseminar og sommarkunstskule for barn og vaksne. Utleigeobjekt for kunstinteresserte. "Bjørneboe-loftet" skal vera basen i kunstnartunet.
- Leveld Briskjelag: Rydding og treak. (Treak er godteri som er koka av briskebær) Ved rydding kan ein få flis/pellets som kan nyttast til bioenergi.
- Gang- og sykkelveg

Ål kommune skal godkjenne ny strategisk næringsplan. To av satsingsområda der er tradisjonelt landbruk og kulturbasert næringsutvikling.

Måla og tiltaka som er føreslått under punkt 2.5: *Skjøtsel og tiltak* kan opne for ny næringsutvikling og tilleggsnæringar i Leveld. Tankane, som enno er på idestadiet, er i tråd med satsingsområda i ny strategisk næringsplan. Ål kommune vil gjerne leggje til rette for gode prosessar som kan opne for større aktivitet og næringsutvikling i grendene. Kommunen ser at dei føreslåtte tiltaka og nye næringar er med på å byggje opp under visjonen "Aktivt landbrukssamfunn med godt bumiljø".

## 8. Økonomi og kostnader

### 8.1 Eksisterende ordningar innen kulturlandskapet

Ordnungen "Spesielle miljøtiltak i jordbruket" (SMIL) kom i 2004. SMIL avløste ordningen STILK (fra 1991), som var en tilsvarende ordning. Finansieringen er over jordbruksavtalen. Disse henholdsvis er og var begge rettet mot restaurering og skjøtsel av jordbrukets kulturlandskap. Primært blir ordningen brukt til engangstiltak. Forskjellen er at kommunene har vedtaksmyndighet for SMIL, mens Fylkesmannen hadde vedtaksmyndighet for STILK.

Regionalt miljøprogram (RMP) kom fra og med 2005. Gjennom RMP er det ulike regionale tilskuddsordninger. Midlene kommer fra jordbruksavtalen. Ideen var – som for SMIL – at vedtaksmyndigheten og utforming av tiltak skulle være lagt nærmere dem den gjelder, i dette tilfelle regionalt nivå, men med utstrakt samarbeid til lokalt nivå. Der vil man ha bedre forutsetninger for å vurdere ønsker og behov. RMP er årlige tilskudd, og er i stor grad en kompensasjon for å drive jorda på en måte som kan være urasjonell, mer kostnadskrevende og gi dårligere avlinger. Men gevinsten er på miljøsidan, med for eksempel mindre erosjon og avrenning (reduisert jordarbeiding), og opprettholdelse av et variert landskapsbilde (dyrking av brattlendt kulturlandskap).



Alle bønder som søker produksjonstilskudd (PT), kan søke innenfor en eller begge disse ordningene. I 2007 søkte 56 % av PT-søkerne også en eller flere ordninger innenfor RMP. Dette betyr at alle bønder innenfor "Utvalgte kulturlandskap i jordbruket" kan søke på lik linje med alle andre. Derimot ligger det ikke i kortene at de skal forfordes. I så fall må gjeldende praksis endres etter diskusjoner med bl.a. faglagene innen jordbruket og kommunene. Det har i alle år vært bred enighet i Buskerud om de gjeldende ordninger og forvaltningen av dem.

## 8.2 Kostnadsoverslag

Tabell: Kostnadsoverslag for Leveld i 10-års perspektiv.

Element	Bygninger	Kultur- minner	Kultur- landskap	Tekniske Miljø- tiltak	Investerings- kostnader pr 10 år	Drifts- kostnader pr år
Planlegging og tilrettelegging	60 000	20 000	20 000		100 000	0
Investeringer/ eingongskostnader	2 400 000	200 000	150 000	50 000	2 800 000	
Drift/vedlikehold		80 000 pr. år	415 000 pr. år	0		495 000
<b>Sum pr 10 år</b>	<b>2 460 000</b>	<b>1 020 000</b>	<b>4 320 000</b>	<b>50 000</b>	<b>2 900 000</b>	<b>4 950 000</b>

**Totale kostnader i 10-års perspektiv (investeringskostnader og driftskostnader): kr. 7 850 000**

## 8.3 Tilskuddsmidler til området i dag

### 8.3.1 Regionale miljøtilskudd (RMP)

Det ble i 2006 gitt totalt kr. 2 629 871 til Ål. Vi har ikke for 2006 hatt anledning til å beregne dette ned på lokalnivå, men kan trekke ut de viktigste ordningene i Ål. Den som betyr mest for landskapsbildet, er setertilskuddet, hvor 39 seter mottar kr. 1 037 271. Vedlikehold av dyrket jord i fjellet omfatter hele 4 691 da som gir kr 328 000 – et meget verdifullt tiltak sammen med setertilskuddet for å holde de gamle seterområdene i hevd. Til slutt kan nevnes at Ål har ca 3 200 da brattlendte areal som mottar kr 531 000, også en av de mest verdifulle tiltakene vi har i dal- og fjellbygdene.

En del av disse midlene ble brukt direkte og indirekte i Leveld. Det vil være en mulighet å forsterke gamle og eventuelt etablere nye ordninger som vil være rettet direkte mot Leveld. Det blir en vurdering i samarbeid med kommunen og faglagene i fylket.

For 2007 var situasjonen tilnærmet den samme og det ble da brukt i overkant av kr. 500 000 i Leveld.

### 8.3.2 Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

I 2006 fikk Ål totalt kr. 665 191. Hele beløpet ble brukt til restaurering av freda og verneverdige bygninger og rydding/inngjerding av gammel kulturmark.

I 2008 disponerer Ål kr 681 791. Foreløpig har de brukt bare 28%.

Tabell som viser tilskudd gjennom SMIL til Leveld i årene 2003-2007

Navn	Tiltak	Tilskudd SMIL	År
Nils Medgard	Rydding av beite	40000	2007
Bjørn Ola Ådnegard	Rydding av beite	13500	2007
Nils Kyrkjedelen	Restaurering av våningshus	72000	2007
Bjerg Torsteinsrud	Restaurering av uthusbygningar	268000	2007
Anne Sigrid Ellingsgard	Restaurering av låve	106000	2007
Egil Håheim	Rydding av beite	48500	2006
Leif Bergaplass	Rydding og gjerding	41000	2006
Lars Ole Dokk	Rydding av beite	37500	2006
Halvard Espegard	Restaurering av tømmerfjøs	37000	2006
Halvard Espegard	Rydding av beite	24300	2005
Lars Ole Dokk	Rydding og gjerding	26500	2004
Ola Terje Oleivsgard	Rydding og gjerding	22600	2004
Knut Torsteinsrud	Restaurering av bygnignar	58525	2003
		<b>795425</b>	

#### 8.4 Mulig fremtidig bruk av RMP og SMIL for Ål og Leveld

Dersom Leveld blir prioritert, kan en noe større andel av de disponible midlene brukes der. Likeså kan Ål og Leveld få en noe større andel generelt, ut fra den stadig omtalte spissingen av midler. I Buskerud har vi spisset midler mot tiltak over hele fylket, men da tiltak som vi i dag kan glede oss over gir allsidige og varierte opplevelser uansett hvor vi ferdes. Summen av tiltakene gir et meget godt helhetsinntrykk, og har vært målet i alle år. Leveld er en av bygdene hvor aktivitetsnivået har vært høyt hele tiden, og følgelig fremstår som velholdt i dag.

Hvis Leveld velges, vil vi få et eget "utstillingsvindu" – og det i et område med både gjennomgangs- så vel som den lokale trafikken er jevn - vil det allikevel kunne forsvares at dette prioriteres noe.

#### 8.5 Kriterier og utmålingsregler for særskilte midler til Leveld

Leveld preges av et visst behov for restaurering av bygninger, ikke minst fordi svært mange ligger godt synlig fra gjennomfartsveien inn i fjellet. Vi vil derfor foreslå en kvadratmeterpris som ligger på det nivå Statistisk sentralbyrå bruker.